

Anleggskurs på Dalsøyra

Onsdag 26. oktober 2022 gjennomførte Gulen IR og Masfjorden IR, i samarbeid med Vestland idrettskrets, Anleggskurs på Dalsøyra. Representantar frå idrettslaga, idrettsråda og tilsette og politikarane frå dei to kommunane deltok.

Kurset var innretta mot idrettslag som vil realisere anlegg og tok føre seg dei ulike fasane frå idé til ferdig anlegg. Hovedfokus i kurset var reglane i spelemiddelordninga. Kurslærar var òg innom andre ordningar ein bør ha kunnskap om, blant anna momskompensasjonsordninga for idrettsanlegg. Det vart òg vist eksempel på kor ein kan finne nyttig informasjon om ulike anleggstypar.

Tilbakemeldingene frå deltakarane var svært positive: «Lærerikt, inspirerende, svært nyttig og informativt»

Kurshaldar var Narve Heggheim, Vestland idrettskrets

Gulen IR, Masfjorden IR og Vestland idrettskrets oppmodar alle andre idrettsråd i fylket vårt om å arrangere dette kurset for sine idrettslag. Vestland idrettskrets stiller med kurshaldar og idrettsrådet er teknisk arrangør.



Foto: Anne-Kristine Aas